KINN KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 1. September 2020
STAD: Måløy, Thon Hotell

TID: Kl. 10.15 – 13.50.

**DELTAKANDE I MØTET:**

Kontrollutvalet:

Nils Myklebust, nestleiar
Kjell Heggen, medlem

Vara: Rune Nilsen, vara fast møtande med talerett. For Bjørn Hollevik.
Aud Norunn Vig. For Bente Frøyen Seindal.
Olaug Tennebø. For Hanne Husebø Kristensen.

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar
Jorunn Sandal, spesialrådgjevar

Vestland revisjon:

Kinn kommune: Ola Teigen, Ordførar
Terje Heggheim, kommunedirektør
Ellen Jåvold, kommunalsjef for oppvekst og undervisning sak 68.
Linda Blålid Lågeide, Hovudverneombod i tidlegare Vågsøy sak 70.

Forfall: Bjørn Hollevik, leiar
Bente Frøyen Steindal.
Hanne Husebø Kristensen.

Møtet var leia av: Nils Myklebust

**SAKLISTE**

| | |
|---|---|
| SAK 61/20 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN |
| SAK 62/20 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE |
| SAK 63/20 | SKRIV OG MELDINGAR |
| SAK 64/20 | KRAV TIL FØRING AV MØTEBOK VED LUKKING AV MØTE OG VED VEDTAK OM AT EIT MEDLEM AV ORGANET ER INHABILT |
| SAK 65/20 | KOMMUNEDIREKTØREN – UTFYLLING PÅ NYGÅRDSTANGEN I DEKNEPOLLEN – ORIENTERING 2) |
| SAK 66/20 | ADMINISTRATIVE TILHØVE 1) 2) |
| SAK 67/20 | KOMMUNEDIREKTØREN - FOTBALLHALLEN I FLORØ – ORIENTERING 2) |
| SAK 68/20 | TILSYNSRAPPORT - SKULENS AKTIVITETSPLIKT FOR Å SIKRE ELEVNANE EIT TRYGT OG GODT SKULE MILJØ 2) |
| SAK 69/20 | TERTIALRAPPORTERING MED REVIDERT BUDSJETT KINN KOMMUNE 2) |
| SAK 70/20 | SAMTALE MED HOVUDVERNEOMBOD |
| SAK 71/20 | VAL AV NYTT MEDLEM I KONTROLLUTVALET |
| SAK 72/20 | OPPFØLGINGSLISTE FØRSTE HALVÅR 2020 |
| SAK 73/20 | EVENTUELT |

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **61/20** | 033 | 03.07.2020 | 01.09.2020 | KS |

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN**

**Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Rekkefølga på sakene blir i endre i forhold til kva tidspunkt kommunalsjef for oppvekst og hovudverneombudet kjem til møtet.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med nestleiaren vert vald Rune Nilsen.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **62/20** | 049 | 03.07.2020 | 01.09.2020 | KS |

**GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 11.06.2020.

**Vedlegg**
Møteprotokollen frå møtet 11.06.2020.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **63/20** | 033&17 | 03.07.2020 | 01.09.2020 | JS&KS |

**SKRIV OG MELDINGAR**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

**I møtet**
Vedlegg 2 var sendt til kommunedirektøren med kopi til sekretariatet.
Kommunedirektøren vil ta opp tilhøve med avsendar direkte, då han meiner dette kan vere i sak som vedkjem avsendar privat og ikkje vedkjem kontrollutvalet no.

**Vedlegg**

1. Frå avisa Kommunal Rapport, 18.06.2020. «Mener for få anmelder økonomisk kriminalitet».
2. E-post, av 14. mai 2020. «Amfiutbygging og Blå promenade».

**Saksopplysningar**
Viser til vedlegga som ligg på saka. Sjå heimesida.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **64 /20** | 033 | 10.08.2020 | 01.09.2020 | KK/JS |

## KRAV TIL FØRING AV MØTEBOK VED LUKKING AV MØTE OG VED VEDTAK OM AT EIT MEDLEM AV ORGANET ER INHABILT

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet minner om at politiske organ er bunden av regelverket som gjeld habilitet og lukking av møte. Dette gjeld både materielle vilkår og saksbehandling, herunder også føring av møtebok.

Møteboka frå formannskapsmøte den 04.06.2020, stettar ikkje lova sine krav i høve til lukking av møtet og inhabilitet vedtatt i sak nr. 048/20.

**Vedlegg**
- kommunelova § 11-4 om møtebok og kommunelova § 11-5 om møteoffentlegheit
- utdrag frå møteboka til Formannskapet den 04.06.2020

**Saksopplysningar**
Ved gjennomgang av møtebøker kjem det fram at desse har nokre uheldige manglar. I dette tilfelle gjeld det tilhøvet til lukking av møter og vurderingar og vedtak om habilitet.

**1. Lukking av møter - reglement**
I Kinn kommune sitt møtereglement, vedtatt 25.09.2019 med heimel i kommunelova § 11-12, er det framheva, også som påminning, at kommunelova skal følgjast:

*«3.6 Opne møter*
*Kinn kommunestyre er opptatt av openheit i forvaltinga og vil praktisere meirinnsyn så langt dette er praktisk mogleg. Gjeldande rett etter mellom anna kommunelova, offentleglova og forvaltingslova, skal leggast til grunn.»*

Møtereglementet har elles i pkt. 3.21 reglar om protokoll frå kommunestyremøta. Pkt. 5.3. slår fast at m.a. reglementet pkt. 3.21. gjeld tilsvarande for formannskapet.

I pkt. 3.21 c) heiter det at *«Protokollane skal vise gangen i forhandlingane, og at vedtaka vart gjort på rett vis og framgangsmåte.»*
Det kan elles vere grunn til å minne om kommunelova sine saksbehandlings- /prosessreglar som går fram av § 11-5 femte (siste) ledd. Desse slår fast at sjølv om debatten om lukking eventuelt skjer for lukka dører, så skal avstemming av spørsmålet gå føre seg i ope møte.

**2. Drøfting og vedtak av habilitetsspørsmål**
Forvaltningslova har ikkje noko krav om at det i organet si møtebok skal opplysast kva for lovbestemmelse som ligg til grunn for avgjerda av eit habilitetsspørsmål. Eit slikt krav til møteboka kom difor inn i kommunelova av 1992 med verknad frå 01.07.2011 og er ført vidare i § 11-4 i nogjeldande kommunelov.

Dersom det er tale om **inhabilitet**, skal det såleis etter kommunelova § 11-4 andre ledd, presist gå fram kva for inhabilitetsregel dette vedtaket bygg på. Det vil elles tilhøyre god saksbehandlingsskikk at det samtidig kort vert vist til kva for faktiske tilhøve som medfører inhabiliteten i det aktuelle tilfellet.

**3. Lova sine krav om føring av møteboka**
Kommunelova har krav til kva for opplysningar som skal gå fram av møteboka. Krava som blir omtala her gjaldt også etter kommunelova av 1992.

Kommunelova § 11-4 andre ledd lyder:
*«Hvis det blir vedtatt at et møte skal lukkes, skal hjemmelen for vedtaket tas inn i møteboken. Det samme gjelder for vedtak om at et medlem av organet er inhabilt eller får fritak av personlige grunner.»*

Kravet om møtebok gjeld også ved fjernmøte, jfr. § 11-7 andre ledd, siste punktum.

I **lovforarbeida,** jfr. merknadene til bestemmelsen i Prop. 46 L (2017-2018), heiter det m.a. om desse spørsmåla:

> *Etter andre ledd skal møteboken inneholde en konkret henvisning til korrekt hjemmel for inhabilitet og lukking. Henvisningen skal være så spesifikk at man angir hvilket ledd og eventuelt bokstav i den aktuelle paragrafen som hjemler inhabiliteten eller lukkingen, for eksempel inhabilitet etter forvaltningsloven § 6 første ledd bokstav d, eller at møtet er lukket med hjemmel i kommuneloven § 11-5 andre ledd, jf. forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 1. Dersom lukkingshjemmelen er § 11-5 tredje ledd bokstav b, må det også spesifikt vises til den aktuelle bestemmelsen i offentlighetsloven.*
>
> *Dersom organet behandler et spørsmål om inhabilitet eller om møtet skal lukkes, skal dette også føres inn i møteboken selv om den folkevalgte blir ansett habil eller at møtet blir åpent. Slik avgjørelser anses å falle inn under første ledd bokstav d og e.*

Det er verdt å legge merke til at møteboka skal gi informasjon om ei kvar drøfting av habilitetsspørsmål og spørsmål om lukking av møtet, uavhengig av utfallet av drøftingane.

| **Saksnr.:** | **Arkivnr.:** | **Dato:** | **Møtedato:** | **Saksbehandlar:** |
|---|---|---|---|---|
| **65/20** | 047 | 11.08.2020 | 01.09.2020 | KS/JS |

**KOMMUNEDIREKTØREN – UTFYLLING PÅ NYGÅRDSTANGEN I DEKNEPOLLEN - ORIENTERING**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

**I møtet**
Kommunedirektøren leverte ut dokument som var unnateke offentleg innsyn. Heimel i Offentleglova § 13.1 ledd, jf. forvaltningslova § 13 1. ledd nr 1.

Kontrollutalet meinte at det var nødvendig at kommunedirektøren orienterte og vedtok å lukke møte under orienteringa med heimel i Kommunelova § 11-5 3. ledd a). Avstemminga om lukking av møte gikk for opne dører.
Etter orienteringa og etter spørsmåla som vart stilte og svara på av kommunedirektøren vart møtet opna igjen.

Dokumentet vart samla inn igjen.
Dokumentet vert likevel oppbevart i sekretariatet sitt arkiv på Kinn kommune, kontrollutvalet.

**Saksopplysningar**
Kommunedirektøren vart kalla inn for å orientere og svare på spørsmål.
Kontrollutvalet gjorde i sak 35/20 vedtak om å bli fortløpande orientert om utviklinga i saka.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **66/20** | 047 | 03.07.2020 | 01.09.2020 | KS/JS |

**ADMINISTRATIVE TILHØVE**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitende.

**I møtet**
Kommunedirektøren orienterte og leverte ut skriftleg svar på spørsmåla under saksopplysningane, jf. kontrollutvalssak 41/20. Kommunedirektøren sine svar vert lagt ved møteprotokollen (merka som vedlegg 1) og blir også lagt på saka i heimesida til kontrollutvalet. Den er merka som vedlegg 1.
Sekretariatet orienterer konstituert dagleg leiar i Vestland Revisjon om kommunedirektøren sine svar i punkt 3 og 4.
Kommunedirektøren har peika ut Norvald Bakke og Roald Leivestad som kontaktpersonar for datatilgangar.

**Saksopplysningar**
Kommunedirektøren vert kalla inn for å gi ei orientering og svare på spørsmål.
Kontrollutvalet gjorde i sak 41/20 vedtak om tilhøve kontrollutvalet vil ta opp med kommuneadministrasjonen.

1. Sein utlegging av saksdokument til enkelte kommunale møter
2. Det går lang tid før møtebøker blir ferdige og lagt ut
3. Sletting av revisor frå tilgangar til datasystem
4. Sein respons til revisor og Kontrollutvalgssekretariatet på spørsmål.
   Dette får konsekvensar for vår muligheit til å halde våre fristar

5. Rutinar for journalføring av post, m.a. e-post
6. Manglande oppfølging av førespurnader og purring frå publikum
7. Kvifor blir postlister på heimesida sletta etter ½ år?
8. Kven har bestemt å ta i bruk Øklandsbygget i Florø?
9. Kva er status vedkommande rapportar frå Arbeidstilsynet om avvik:
   - Nepjarhaugen Barnehage
   - Nyheimsvegen Barnehage
   - Kulatoppen Omsorgssenter
   - Skram Skole
   - Gymsal Florø Barneskule
   - Brannstasjonane i Florø og Måløy

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| 67/20 | 047 | 11.08.2020 | 01.09.2020 | KS/JS |

# KOMMUNEDIREKTØREN - FOTBALLHALLEN I FLORØ – ORIENTERING

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitende, men vil ha høve til å kome tilbake til saka når utvalet har fått tid til å gå gjennom utdelte/tilsendte vedlegg.

**I møtet**
Kommunedirektøren orienterte og leverte ut skriftleg materiale som følger saka og blir som vedlegg til møteprotokollen. Der merka som vedlegg 2 (Inneheld også utvida informasjon i høve til utdelt materiale). Vedlegget vert også lagt på saka i heimesida til kontrollutvalet.

**Saksopplysningar**
Kommunedirektøren vert kalla inn for å gi ei orientering og svare på spørsmål.
Kontrollutvalet gjorde i sak 41/20 slikt vedtak: Når det gjeld Fotballhallen i Florø ber Kontrollutvalet Kommunaldirektøren kome med skriftleg svar på dei spørsmåla som vart stilte i møtet, jf. pkt. 2 nedanfor. Svara må sendast til Vest Kontrollutvalssekretariat innan fredag 5. juni, slik ein får dei med på utvalet sitt møtet 17.06.2020.

Sekretariatet tilet seg å gi kommunedirektør utsett frist for skrifteleg tilbakemelding, då møtet 17.06.2020 vart avlyst.

2. Fotballhallen i Florø
Kommunedirektøren v/Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund svara så langt som råd på følgjande spørsmål som vart reiste i møtet:

1. a) Kor tid var det sendt ut anbodspapir?
   b) Kor tid var kontrakt inngått?
   c) Hadde dei tilgjengeleg midlar på oppstarstidspunktet?

2. Er bruken av slike midlar i tråd med tekstdelen i budsjettet for 2020?
3. Er vilkåra for å søke Vestland Fylkeskommune om utbetaling i brev av 04.05.2020 med ref. nr. 20/256-20/12583/MADK, i tråd med vilkåra for slik utbetaling?
4. Er det høve til å ta i bruk gåvemidlar til oppryddinga når gåvene er tiltenkte bygging av sjølve fotballhallen? Er dette i tråd med anna lovverk? Jamført brev frå Adv. Odd Hylland til Vågsøy Kommune i samband med Nordfjordbadet og bruk av gåvemidlar frå private.
5. Er avtalen med gåvegjevar politisk klarerte og juridisk godkjente?
6. Er det krav om eit eige oppstartsvedtak i kommunestyret før oppstart av delprosjekt i dei tilfella prosjekt er fordelte over fleire år i økonomiplanen?

Sund opplyste at formannskapet vil få orientering 14.05.2020.
Kontrollutvalet vil be om meir skriftleg orientering og evt. munnleg på eit seinare møte og ber kommunedirektøren stille i dette møtet.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| 68/20 | 099 | 11.08.2020 | 01.09.2020 | KS |

## TILSYNSRAPPORT – SKULEN SI AKTIVITETSPLIKT FOR Å SIKRE ELEVANE EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

**Samrøystes vedtak**
1. Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om kopi av tilbakemeldinga om rettingane til fylkesmannen når den er klar.

**I møte**
Kommunalsjef for oppvekst Ellen Jåvold orienterte og presenterte ved hjelp av PowerPoint. Ho svara også på spørsmål frå kontrollutvalsmedlemmane.
Jåvold ville sende over PowerPoint som vil bli lagt på saka i heimesida til kontrollutvalet. Evt. som melding på neste møte.

**Vedlegg**
1. Tilsynsrapport – Skulen si aktivitetsplikt for å sikre elevane eit trygt og godt skule- miljø.
2. Brev frå Fylkesmannen, av 29.05.2020. «Oversending av tilsynsrapport».
3. Dokument, av 15.05.2020. «Kommentar til førebels tilsynsrapport».
4. Brev frå Fylkesmannen, av 16.04.2020. «Oversending av førebels tilsynsrapport Kinn kommune».
5. Førebels tilsynsrapport – Skulen si aktivitetsplikt for å sikre elevane eit trygt og godt skule-miljø.

**Saksopplysning**
Kontrollutvalet ber om å få resultatet av Fylkesmannen sitt tilsyn med tema Skulemiljø. Jf. sak 30/20.
Fylkesmannen utførte tilsyn med Kinn kommune i perioden 30. januar 2020 – 29. april 2020.

Temaet for tilsynet var skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit godt og trygt skulemiljø. I tilsynet blei det kontrollert:
- plikta til å undersøkje saker
- plikta til å setje inn tiltak dersom ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø
- plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak. Jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9.

«Dei mest sentrale funna frå tilsynet er:
- Vi finn at rektor ikkje har sikra at skulen undersøker saker tilstrekkeleg grundig når dei har mistanke om, eller kjennskap til, at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
  Rektor sikrar heller ikkje at elevar som saka gjeld får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
- Vi finn at rektor ikkje sikrar at skulen set inn eigna tiltak om ein elev sin rett til trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.
- Skulen sine aktivitetsplanar er ikkje i tråd med krava i § 9 A- 4 sjette ledd.
- Vi finn at rektor ikkje følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.
- Vi finn at rektor ikkje syter for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og eleven sitt syn».

Fylkesmannen har gitt frist for retting innan 15. september 2020.

Viser til rapporten for meir informasjon.

Kommunedirektør og kommunalsjef oppvekst og undervisning vert kalla inn for å gi ei orientering og svare på spørsmål.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| 69/20 | 212 | 17.08.2020 | 01.09.2020 | JSa |

**TERTIALRAPPORTERING MED REVIDERT BUDSJETT KINN KOMMUNE**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet tek kommunestyresak 099/20 - 1. tertialrapportering 2020 m/revidert budsjett til vitende.

**Vedlegg**
1. Kommunestyresak 099/20 - 1. tertialrapportering 2020 m/revidert budsjett.

**Saksopplysning:**

1. Pr. juni venta administrasjonen **eit underskot i 2020 på kr 41 mill.,** i ei tid med svært lav rente.

2. Kommunalsjef for økonomi vurderer økonomien i Kinn Kommune som alvorleg. Det meste av disposisjonsfondet vil vere oppbrukt i 2020, med basis i den drifta som kommunen har no.

| | |
|---|---|
| Disposisjonsfond Vågsøy 31.12.19 | kr 21 mill |
| « Flora 31.12.19 | kr 25 mill |
| « Kinn 01.01.20 | kr 46 mill |
| Forventa underskot 2020 i revidert budsjett | kr 41 mill |
| Forventa disposisjonsfond 31.12.2020 før tiltak blir sett i verk | kr 5 mill |

3. Administrasjonen forventa underskot i 2021 også. Dersom dei vedtekne tiltaka ikkje gjev vesentleg effekt, kan ein frykte å komme i Robek.

4. Kommunestyret vedtok m.a. desse tiltaka i juni 2020:
   - innhente ekstern hjelp for å finne områder for innsparing og gevinstrealisering
   - Kommunaldirektør jobbar med kostnadsreduserande tiltak til Formannskapsmøte 3. september 2020.
   - bemanningsreduksjon, sluttpakkar, internrekruttering
   - restriktiv innkjøps- og reisepraksis
   - halde fram arbeidet med å få ned sjukefråværet.

| Sjukefråvær: | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Flora | 7,9% | 9,6% | 9,7% |
| Vågsøy | 8,5% | 6,1% | 8,1% |

5. God økonomistyring er avgjerande i ein slik situasjon. Overgang til kvartalsvis økonomirapportering.

6. Resten av reformmidlane på 8,8 mill. er innarbeida i 2020-budsjettet. Kommunen fekk utbetalt 21,5 mill. i 2020. 13 mill. av desse er brukte av Fellesnemnda i 2019.

7. Kommunedirektøren peikar på at kommunen har avgrensa med prosjektleiarkapasitet.

| **Saksnr.:** | **Arkivnr.:** | **Dato:** | **Møtedato:** | **Saksbehandlar:** |
|---|---|---|---|---|
| **70/20** | 400 | 24.08.2020 | 01.09.2020 | KS/JS |

**SAMTALE MED HOVUDVERNEOMBOD**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet tek innspela frå hovudverneombodet med seg vidare bla. i arbeidet med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon.

**I møte**
Linda Blålid Lågeide møtte.
Det blei klargjort at Ingvill Førde Torvanger møter på neste møte som er 28.9. i Florø.
Linda Blålid Lågeide peika særskilt på fire forhold:

- Ulik organisering av verneombodsfunksjonen i tidlegare Flora og Vågsøy Kommunar.
- Spesielt høg arbeidsbelastning i heimetenesta i tidlegare Vågsøy.
- For lite sjukepleiarressursar i tidlegare Vågsøy.
- Bekymra for sikkerheta for barn i barnehagane sitt uteområde.

Kontrollutvalget tek signala med seg vidare i si vurdering av mulege kontrollområder.

**Saksopplysning**
Ingvill Førde Torvanger og Linda Blålid Lågeide er kalla inn.

Hovudverneomboda seier litt om sitt eige syn på kva som fungerer godt og mindre godt ut frå desse spørsmåla:

- Er det område som dei meiner fungerer mindre bra enn andre i Kinn kommune?
- Kva ville dei sette søkelys på dersom dei skulle bestille ein forvaltningsrevisjon eller anna undersøking?

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til hovudverneomboda.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **71/20** | 042 | 24.08.2020 | 01.09.2020 | JS |

## VAL AV NYTT MEDLEM TIL KONTROLLUTVALET

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet ber kommunestyret snarast velje nytt medlem til kontrollutvalet som erstatning for Bente Frøyen Steindal, som ikkje lenger kan vere medlem grunna styreverv i selskap som kommunen har eigarinteresse i.

**Saksopplysning**
Kontrollutvalet hadde i sak 24/20 opp sak om val til kontrollutvalet. Det resulterte i at kommunestyret valde ein ny varamedlem, då den som var vald også hadde styreverv i selskap der kommunen hadde interesse.

Kommunelova § 23-1 g) seier at den som medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamling i eit selskap som kommunen har eigarinteresse i er utelukka frå val til kontrollutvalet.

I kontrollutvalssak 24/20 kom det fram at Bente Frøyen Steindal var styremedlem i Botnaneset Industriselskap AS. Det viser seg at Bente framleis er styremedlem Botnaneset Industriselskap AS.
Ho opplyser at ho også vald inn i styret til Grovastøylen AS.
Dette er og eit selskap der kommunen har eigarinteresse.
Bente Frøyen Steindal har gitt melding til kommunen om at ho ikkje lenger kan vere medlem i kontrollutvalet, grunna streverva.

Det er viktig no at kommunestyret snarast vel nytt medlem til kontrollutvalet som erstatning for Bente Frøyen Steindal.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **72/20** | 033 | 14.08.2020 | 01.09.2020 | KS/JS |

## OPPFØLGINGSLISTE FØRSTE HALVÅR 2020

**Samrøystes vedtak**
1. Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista for kontrollutvalet 1. halvår 2020 til vitende.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet følgje malen på oppfølgingslista slik den no ligg føre, då ved at den viser status for alle sakene gjennom året. Ved årsskifte tek ein kun vidare med sakene som ikkje er ferdige.

**I møtet**
Sekretariatet sin dagleg leiar orienterte om oppbygging av den utarbeida oppfølgingslista og den vidare bruken av denne.
Kontrollutvalsmedlemmane sa seg godt fornøgde med lista og gav uttrykk for at dei har tru på at dette blir eit godt verktøy i oppfølginga av utvalet sine saker.

**Vedlegg**
Oppfølgingsliste for kontrollutvalet 1. halvår 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

**Saksopplysning**
Viser til vedlagd oppfølgingsliste for kontrollutvalet 1. halvår 2020.
Endeleg utforming av oppfølgingslista kjem vi tilbake til når vi får klarlagt kva saksbehandlingssystemet Acos kan gi av informasjon.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| **73/20** | 033 | 17.08.2020 | 01.09.2020 | JS |

**EVENTUELT**

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet viser til det som kom fram i møtet.

1. Utvalet tek til vitende at kommunedirektøren gir skriftleg tilbakemelding på spørsmålet om kostnadsfordeling mellom VA-området og veg i Gate 5 i Måløy og orienterer meir om vasstrykk i Måløy og Florø i neste møte.
2. Kontrollutvalet vedtek at eventuelt-saka får nytt namn « Saker til eventuell seinare behandling»

**I møtet**
1. Med henvisning til sak 57/20 i kontrollutvalet den 11.6.2020 stilte Kjell Heggen spørsmål om administrasjonen hadde vurdert fordeling av kostnadsføring mellom vatn- og avløpsområde (VA-område) og veg i samband med arbeidet som no foregår i Gate 5 i Måløy.
Kommunedirektøren lova å ettersende skriftleg svar. Dette vil følgje møteprotokollen som vedlegg 3.
Vert også lagt under saka på heimesida til kontrollutvalet.
Viser til saksopplysningar under vedkommande vasstrykket i enkelte områder Florø og Måløy. Det er vasstrykket som er problemet, ikkje vass-kapasiteten. Kommunedirektøren opplyste at det som strakstiltak er skaffa to tankbilar for å rette på dette. Ytterlegare informasjon vil han gje på neste møte.

2. Etter diskusjon om bruken av eventuelt–saka i Kontrollutvalet var utvalsmedlemmane samstemte om ein restriktiv bruk av slik sak i møta. Utvalet bør vise varsemd med å bruke denne typen uspesifiserte saker. Vidare blir saksbehandling i det møtet ei sak blir teke opp umuleg. Jf. Kommunelova § 11-3 og 23-7, samt Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 7 og Forvaltningslova § 17.
Utvalet meinte at det er Kontrollutvalet som organ som bør avgjere om ei sak skal opp i utvalet. Ut frå dette bør saka heite «Saker for eventuell seinare behandling». Innspel for framtidige saker vert då å ta opp under denne saka og utvalet avgjer kva for innspel som utvalet skal gå vidare med.

**Saksopplysningar**
Område i Florø og Måløy med lågt vasstrykk.
Kva er og vert gjort for å minske faren ved brann i slike område.
Leiaren ynskjer orientering frå kommuneadministrasjonen på neste møte.
Kontrollutvalet må evt. gjere vedtak for dette.

Møtet slutt.

| | |
|---|---|
| Nils Myklebust<br>Nestleiar | Rune Nilsen<br>Medlem |

**Møteprotokollen går til:** Kommunestyret i Kinn som melding
Vestland Revisjon KO
Kommunedirektøren til orientering
Ordføraren til orientering

# VEDLEGG 1.

VEDLEGG 1.

Kinn kommune

# Administrasjon

1.Sein utlevering av saksdokument
- Praksis er ei veke før, har endra rutinene i forkant av utsending, avhengig av sakshandsamar er ferdig.

2.Lang tid før møtebøker er ferdig
- Her arbeider vi med saka og skal skjerpe oss. Krevjande protokollering i samband med røysting. Må sjå video i etterkant

3.Sletting av revisor sine tilgangar i datasystem.
- Kva er problemet. Meld inn behov og vi skal gi tilgangar

4.Sein respons til revisor og KU-sekretariat på spørsmål
- Her skal vi betre praksisen

5.Rutinar for journalføring av post, e-post
- I vår endra vi rutinene og er stort sett i ajour i dag, kan vere einskilde unntak i organisasjonen

6. Manglande førespurnader og purring frå publikum
- Alle innsynsbegjøringr vert lagt inn i systemet med ein tre-dagars frist. Ein god del purring overfor sakshandsamarane. Kommunedirketøren vil fokusere på det no.

7. Kvifor blir postlista på heimesida sletta etter eit halv år?
- Ulik praksis i kommunane. Avgjerda om eit halv år er tatt i samråd med leverandør og personvernombodet i kommunen. Føremålet med tiltaket er å hindre sporing utanfrå. Vi kan endre lengda på kor lenge dokumenta skal vere tilgjengeleg. Personvernet veg tungt.

8. Kven har bestemt å ta i bruk Øklandbygget i Florø.
- Rådmannen i Flora, i samråd med formannskapet i dåverande Flora kommune

9. Arbeidstilsynet, status rapportar
Nepjarhaugen

9. Arbeidstilsynet, status rapportar

Nepjarhaugen

- KD kjenner ikkje til noko rapport frå A-tilsynet

Nyheimsvegen

- Møte med A-tilsynet, vi får utsetting til ny barnehage er realisert

Kulatoppen omsorgsenter

- KD ikkje kjend med noko rapport frå A-tilsynet

Skram skole

- KD ikkje kjend med noko rapport frå A-tilsynet

Gymsal Florø barneskole

- KD ikkje kjend med nokon rapport frå A-tilsynet

Brannstasjonane

Sjå eiga sak til formannskapet denne veka. Mellombelse tiltak og nybygg
Moglege dagbøter om vi ikkje gjer noko permanent, betre mellombelse tiltak

Kinn kommune

# Her finn du....



# VEDLEGG 2.

VEDLEGG 2
03.09.2020




Kinn kommune

## Fotballhallen i Florø

1. a) Kor tid var det sendt ut anbodspapir?
   Svar: 28.01.20

   b) Kor tid var kontrakt inngått?
   Svar: 19.03, med Bjerck og Brendø.

   c) Hadde dei tilgjengeleg midlar på oppstarstidspunktet?
   Svar: Ja.

Kinn kommune

## Fotballhallen i Florø

2. Er bruken av slike midlar i tråd med tekstdelen i budsjettet for 2020?

Det er ikkje nødvendigvis samsvar mellom vedteke delegeringreglement, og verbalpunkt i budsjettet. Uansett meiner kommunedirektøren at fullmakta til å sette i verk er på plass jf. Delegeringreglement. 2.4.5 . Ein må også sjå dette i samanheng med formannskapet sitt vedtak i sak, 09/20 den 13 feb. 2020. https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002628&dokid=1333284&versjon=3&variant=A&

Kinn kommune

## Fotballhallen i Florø

3. Er vilkåra for å søke Vestland Fylkeskommune om utbetaling i brev av 04.05.2020 med ref. nr. 20/256-20/12583/MADK, i tråd med vilkåra for slik utbetaling?

**Ja!**

Kinn kommune

## Fotballhallen i Florø

4. Er det høve til å ta i bruk gåvemidlar til oppryddinga når gåvene er tiltenkte bygging av sjølve fotballhallen? Er dette i tråd med anna lovverk? Jamført brev frå Adv. Odd Hylland til Vågsøy Kommune i samband med Nordfjordbadet og bruk av gåvemidlar frå private?

Fyrste del. Fjerning av skyttarhuset, som det her er snakk om, er ein del av hallprosjektet, og dette er det gjeve gåvemidlar til. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at dette kjem i konflikt med noko lovverk. Føresetnaden er sjølvsagt at det skjer innanfor lov om offentlege kjøp.

Kinn kommune

## Fotballhallen i Florø

5. Er avtalen med gåvegjevar politisk klarerte og juridisk godkjente?

Ja, dei er politisk klarte, i og med at dei er ein føresetnad for finansiering av prosjektet. Herunder spelemiddelsøknad.

Kinn kommune

# Fotballhallen i Florø

5. Er det krav om eit eige oppstartsvedtak i kommunestyret før oppstart av delprosjekt i dei tilfella prosjekt er fordelte over fleire år i økonomiplanen?

Nei. Dette arbeidet går føre innanfor kr. 5 mil. Som er dei vedteken midlane til prosjektet i 2020. Sjå også svaret i punkt 2

Kinn kommune

# Delegeringsreglane

Kinn kommune

Delegeringsreglement

Vedtatt 06.11.2019, kommunestyresak 025/19
Ansvarleg: Rådmann

**2.4.5 Tekniske tenester**
Kommunestyret delegerer til Plan- og samfunnsutvalet som delegerer vidare til rådmannen slik mynde:

r Ta avgjerd om kommunen si drift av eigedomar, bygg og anlegg innanfor dei retningsliner, planar og rammer som er fastsatt i kommunestyret

s Inngå avtalar og kontraktar for kommunen sine bygg og anlegg innanfor dei retningsliner som er fastsatt i lov og forskrift, og etter vedtekne planar, retningsliner og rammer som er fastsatt av kommunestyret

t Gjennomføre utbyggingsprosjekt for Kinn kommune etter vedtekne planar, retningsliner og rammer.

Kinn kommune

# Fotballhallen i Florø - finansiering

**Dokumentasjon finansiering, MNOK**

| | Inkl mva | Merknad | Dokument | Side | Referansar |
|---|---|---|---|---|---|
| Mva refusjon | 21,0 | Refusjon mva | | | |
| Spelemidlar | 13,0 | Spelemidlar | | | |
| Sogn og fj.fylkeskommune | 10,0 | Investeringsstøtte | Brev datert 03.07.2018 | 1 | Fylkestingssak 30/18 12 juni - tertialrapp |
| Flora Kommune, andel 26% | 12,4 | Lånepakke | Vedtaksdokument | 2-7 | Bystyrevedtak 092/18 |
| Vågsøy Kommune andel 5% | 6,2 | Tilskot, interkom.idr.anl | | | |
| - Avtale med Vågsøy kommune interkommunalt anlegg | | | Signert avtale, 06.11.2018 | 8-10 | Kommunestyresak 085/18 |
| - Deltaking i interkommunalt samarbeid-Flora Kommune | | | Saksdokument, 01.11.2018 | 11 | Interkommunal avtale |
| - Økonomiplan 2019-2022 - Vågsøy kommune | | | Saksdokument, journal 18/15126 | 12-17 | Formannskapssak F-234/18, pkt 7, side 11 |
| Reinvestering lån Flora Idrettssenter AS | 7,0 | Omdisponering | Møteprotokoll, 02.10.2018 | 18-20 | Bystyresak 052/18 pkt 3 |
| Florø Idrettssenter AS | 13,0 | Tilskot | Mail datert 09.01.2019 | 21-22 | Protokoll frå gen.forsamling 04.01.2019 |
| Innsamlingsaksjon idrettslaget | 1,5 | Gåver/Tilskot | Oversyn innbetalingar, 07.01.2019 | 22-32 | inkl 8 teikningsblankettar/avtalar |
| Sparebanken Vest | 4,0 | Gåve | Gåvebrev datert 09.10.2018 | 33-34 | Tildeling av gåve |
| Sparebankstiftinga | 1,0 | Gåve | Mail datert 10.10.2018 | 35 | Tildeling av gåve |
| Sparebanken Sogn og fjordane | 1,0 | Gåve | Gåvebrev, datert juni 2018 | 36 | Tildeling av gåve |
| SFE | 0,3 | Gåve | Skriv datert 10.01.2019 | 37 | SFE/Florø Sportsklubb |
| Fjord 1 | 1,5 | Gåve | Mail datert 11.01.2019 | 38 | Fjord1/Florø Sportsklubb |
| Fjord Base AS | 10,0 | Gåve | Teikningsblankett | 39 | Tildeling av gåve |
| **Sum finansiering** | **123,9** | | | | |

Kinn kommune

# Fotballhallen i Florø - finansiering

Bats renter og avdrag 0,8 % 6,0 % 8,0 %

**INVESTERINGSPLAN 2019-2022 - Ihht bystyrevedtak sak 092-18**

| Nr | Investeringsprosjekt - av frie inntekter | Adm | Budsjett | Økonomiplan | | | Referanse til vedtak, planer, avtaler og innmeldt behov frå tenestene |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | [illegible] | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | |
| 86 | [illegible] | Kultur | 5 000 | 58 450 | 58 450 | | |
| [illegible] | [illegible] | | 800 | [illegible] | [illegible] | 0 | [illegible] |
| [illegible] | [illegible] | | 4 100 | [illegible] | [illegible] | | [illegible] |
| [illegible] | [illegible] | | 0 | [illegible] | [illegible] | 0 | [illegible] |
| [illegible] | [illegible] | | | 0 | 450 | [illegible] | [illegible] |
| [illegible] | [illegible] | | | | | [illegible] | [illegible] |
| 91 | [illegible] | | 0 | 0 | | [illegible] | |
| [illegible] | [illegible] | | 0 | 0 | 0 | 0 | [illegible] |
| [illegible] | [illegible] | | | 0 | | | [illegible] |
| [illegible] | [illegible] | | 0 | 0 | 0 | [illegible] | [illegible] |
| [illegible] | [illegible] | | | 0 | 0 | 0 | [illegible] |

## Dokumentasjon finansiering, MNOK

| | inkl mva | Merknad | Dokument | Side | Referansar |
|---|---|---|---|---|---|
| Mva refusjon | 21,0 | Refusjon mva | | | |
| Spelemidlar | 13,0 | Spelemidlar | | | |
| Sogn og fj.fylkeskommune | 10,0 | Investeringsstøtte | Brev datert 03.07.2018 | 1 | Fylkestingssak 30/18 12.juni - tertialrapp |
| Flora Kommune, andel 26% | 32,4 | Låneopptak | Vedtaksdokument | 2-7 | Bystyrevedtak 092/18 |
| Vågsøy Kommune andel 5% | 6,2 | Tilskot, interkom.idr.anl | | | |
| - Avtale med Vågsøy kommune Interkommunlt anlegg | | | Signert avtale, 06.11.2018 | 8-10 | Kommunestyresak 085/18 |
| - Deltaking i interkommunalt samarbeid-Flora Kommune | | | Saksdokument, 01.11.2018 | 11 | Interkommunal avtale |
| - Økonomiplan 2019-2022 - Vågsøy kommune | | | Saksdokument, journal 18/15128 | 12-17 | Formannskapssak F-234/18, pkt 7, side 11 |
| Reinvestering lån Flora Idrettssenter AS | 7,0 | Omdisponering | Møteprotokoll, 02.10.2018 | 18-20 | Bystyresak 052/18 pkt 3 |
| Florø Idrettssenter AS | 13,0 | Tilskot | Mail datert 09.01.2019 | 21-22 | Protokoll frå gen.forsamling 04.01.2019 |
| Innsamlingsaksjon Idrettsløftet | 1,5 | Gåver/Tilskot | Oversyn innbetalingar, 07.01.2019 | 23-32 | inkl 8 teikningsblankettar/avtalar |
| Sparebanken Vest | 4,0 | Gåve | Gåvebrev datert 09.10.2018 | 33-34 | Tildeling av gåve |
| Sparebankstiftinga | 3,0 | Gåve | Mail datert 10.10.2018 | 35 | Tildeling av gåve |
| Sparebanken Sogn og fjordane | 1,0 | Gåve | Gåvebrev, datert juni 2018 | 36 | Tildeling av gåve |
| SFE | 0,3 | Gåve | Skriv datert 10.01.2019 | 37 | SFE/Florø Sportsklubb |
| Fjord 1 | 1,5 | Gåve | Mail datert 13.01.2019 | 38 | Fjord1/Florø Sportsklubb |
| Fjord Base AS | 10,0 | Gåve | Teikningsblankett | 39 | Tildeling av gåve |
| **Sum finansiering** | **123,9** | | | | |

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Atle Skrede
E-post: atle.skrede@sfj.no
Tlf.: 41530716

Vår ref.
Sak nr.: 18/242-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 03.07.2018

Flora kommune
Postboks 264

6900 FLORØ

## Svar - Vedk. Søknad om økonomisk støtte til etablering av fullskala fotballhall i Florø- Storhallen i vest

Vi viser til Dykkar søknad om fylkeskommunal støtte. I FT-sak 30/18 12.juni d.å. – tertialrapport, vart det gjort følgjande vedtak:

*«Det vert løyvd 15,5 millionar kroner i investeringsstøtte til følgjande idrettsanlegg i tråd med innkomne søknader:*

*- Flora kommune - Storhall Vest i Flora: 10,0 mill. kr*

*- Fjaler kommune - Skytebane i Fjalerhallen: 1,5 mill. kr*

*- Stryn Turn og Idrettslag - Ulike hallanlegg i Arena Stryn: 4 mill. kr*

*Bufferfondet vert redusert tilsvarande med 15,5 mill. kr . Fylkesutvalet får mynde til å fastsette vilkår for utbetaling av tilskota, herunder krav om fullfinansiering og godkjende planar for anlegget.*

*Det vert løyvd 0,5 millionar kroner i investeringsstøtte til*

*- Sogndal Fotball – 3 klatreanlegg i Sognehallen.*

*Bufferfondet vert redusert tilsvarande med 0,5 mill. kr.»*

I FU-sak 76/18 vart det sett følgjande vilkår for utbetaling av tilskotet:

*«1. For utbetaling av fylkestinget sine løyvingar i sak 30 /18 om tilskot til fotballhall i Flora, Arena Stryn, skyteanlegg i Fjaler hallen og klatreanlegg i Sognehallen, vert vilkåra i regelverket for spelemiddelfinansieringa lagt til grunn. I dette ligg m.a. at:*

*Prosjekta m å vere dokumentert fullfinansierte. Dokumentasjon om rett til bruk av grunn og godkjend reguleringsplan for området må ligge føre – i dei tilfelle det er relevant .*

*2. Dei aktuelle tilsegna står ved lag i 3 – tre – år rekna frå tidspunktet for FT sitt vedtak.*

*3. Fylkesrådmannen set nærare frist for rapport og rekneskap når realiseringa av det enkelte anlegget er avklara.»*

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør

Atle Skrede
rådgjevar

1

**Bortne Rune**

---

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Nipen Linda |
| **Sendt:** | 20. desember 2018 15:23 |
| **Til:** | Alle tenesteleiarar; Alle på rådhuset |
| **Kopi:** | ATO-ALLE Alle arbeidstakarorganisasjonane |
| **Emne:** | Investeringsplan 2019-2022 2018 12 20 i tråd med BYST 092-18.xlsx |
| **Vedlegg:** | Investeringsplan 2019-2022 2018 12 20 i tråd med BYST 092-18.xlsx |

Hei,

Vedlagt investeringsbudsjett og investeringsplan 2019-2022, slik det samla sett vart vedteke av bystyremøtet tysdag i sak 092-18.
Endringar i forhold til rådmannen sitt utkast skal vere merka raudt.

Beste helsing
*Linda Nipen*
kommunalsjef for økonomi
Flora kommune

Tlf. 41530118
Heimeside: http://www.flora.kommune.no

# Formannskapet sitt framlegg til bystyrevedtak 092/18

1. Budsjett og handlingsprogram for 2019, samt økonomiplan 2019-2021, vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga og utsendt budsjettdokument, med følgjande endring i driftsbudsjett og økonomiplan drift:

| Tiltak/saldering/justering i høve utkast av 30. oktober 2018 | Budsjett 2019 | Øk.plan 2020 | Øk.plan 2021 | Øk.plan 2022 | Eventuell kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| Redusert innstramming toppfinansiering | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | |
| Tidlig innsats. Reversering av tilskudd fra staten | 522 | 522 | 522 | 522 | |
| lønnsjustering 2019 red 3,25 til 3,0 % | -1 500 | -1 500 | -1 500 | -1 500 | Moderat oppgjer |
| Reduksjon i pensjonskostnader | -333 | -333 | -333 | -333 | Konsekvens av lønnsoppgjør |
| Auka bidrag/reduksjon i tenesteleveranse til KFI | -2 000 | -3 000 | -4 000 | -5 000 | Bortfall av ress.bruk/ auka bidrag frå KFI |
| Eigedomsskatt vert ivaretatt av Tjenestetorget | -200 | -200 | -200 | -200 | Løysast av Tj.torget |
| **Auka skatteinngang** | -2 000 | -3 000 | -4 000 | -5 000 | |
| **Auka utbytte** | -1200 | -1200 | -1200 | -1200 | |
| **Jordmorvakt** | 1200 | 1200 | 1200 | 1200 | |
| Reversert auke i eiegdomsskatt | 15 804 | 22 058 | 26 002 | 28 125 | |
| Opprettehalde Stavang Skule, Steinhovden skule og Solheim skule vert lagt ned frå hausten 2020 | 4 167 | 7 900 | 4 694 | 4 694 | |
| Effektivisering auka til 2% | -7 182 | -7 182 | -7 182 | -7 182 | |
| Årleg effektiviseringskrav på 0,5% | | -3 591 | -7 182 | -10 773 | |
| Effekt betra innkjøp | -500 | -1 000 | -1 500 | -2 000 | Betra avtalar, større lojalitet til rammeavtalar |
| Auke bidrag frå havbruksfondet | -1 000 | -15 000 | -1 000 | -15 000 | |
| Driftseffekt av inv. | | -431 | -452 | -430 | Oppfinansiering Brandsøy skule kr 2 mill, med årleg drifts effekt kr 120' er teke inn (110 i 2020) Lagt til effekt av 3,25 mill kr i investering ptk 7 og pkt 76 (180' i 2020, 195' i 2021og2022) |
| Overføring til/frå bufferfond | -4 778 | 757 | -2 869 | 8 077 | |
| Avsetting til Næringsfond | | 5 000 | 0 | 7 000 | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| **Sum** | 0 | 0 | 0 | 0 | |

Rammekutt på 1% utover rådmannens forslag blir fordelt på einingane slik:

| | | Effektivisering fordelt på einingar | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Buds 2019 | Øk 2020 | Øk 2021 | Øk 2022 |
| Politisk leiing | | 200 | 300 | 400 | 500 |
| Rådmann, stab, støtte | | 2700 | 4050 | 5400 | 6750 |
| Skule | | 700 | 1050 | 1400 | 1750 |
| Barnehage | | 300 | 450 | 600 | 750 |
| Flora NAV/ Barn og unge | | 200 | 300 | 400 | 500 |
| Helse/tiltakstenesta | | 150 | 225 | 300 | 375 |
| Omsorg | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kultur | | 632 | 948 | 1264 | 1580 |
| Teknisk | | 1400 | 2100 | 2800 | 3500 |
| Flora Bygg og eigedom | | 900 | 1350 | 1800 | 2250 |
| | | 7182 | 10773 | 14364 | 17955 |

2. Flora bystyre tek tenestene sine handlingsprogram til orientering

3. Driftsbudsjettet for 2019 vert vedteke slik det går fram av dei økonomiske hovudoversiktene, samt økonomitabell 1-6 i kapittel 3.5

4. Priser, avgifter og gebyr for kommunale varer og tenester vert vedtekne i samsvar med vedlagte regulativ, og gjeld som lokal forskrift med verknad frå 1.1.2019

5. Bystyret godkjenner investeringsprogrammet slik det ligg føre med ei samla brutto investering på kr 208 078 000 i 2019. Nytt låneopptak utgjer kr 167 767 000, der kr 89 167 000 er knytt til investeringar finansiert av frie driftsinntekter og kr 78 600 000 til sjølvfinansierande investeringar. Momskompensasjonsinntekt utgjer kr 20 061 000, tilskot kr 16 050 000 og bruk av salsinntekter frå sal av eigedom kr 4 200.

6. Trekkramme i tråd med gjeldane hovudbankavtale er på kr 75 000 000.

7. Budsjett og handlingsprogram for kommunale føretak vert handsama særskild.

8. Budsjettet for 2018 vert revidert slik det går fram av kapittel 3 og 4 i budsjettdokumentet. Detaljane i budsjettrevideringa følgjer i økonomitabellane.

9. Unytta lånemidlar per 31.12.2018 vert ikkje overført til 2019. Alle investeringar vedtatt for 2018 og tidlegare skal bremsast 31.12.2018 og restartas ved ny innmelding. Tidlegare planlagt låneopptak skal reduserast med 100 millionar kr.

10. Etter eigedomskattelova §§ 2 og 3 vert det utskrive eigedomskatt i heile kommunen.

    - Alminnelig skattesats er 3 promille

    Eigedomskatt frå kr 1000 og oppover skal betalast i 4 årlege terminar. Eigedomskatt under kr 1000 skal betalast i 2 årlege terminar. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert nytta til bustad er fritekne etter eigedomskattelova § 7 bokstav c i 3 år, eller til bystyret endrar eller opphevar fritaket. Flytebrygger skal fritakast for eigedomsskatt med heimel i § 7 bokstav a i eigedomsskattelova. Fritaket gjeld ikkje bryggeanlegg som vert drive på kommersiell basis.

11. Rådmannen får fullmakt til å inngå nye sjølvfinansierande finansielle leasingavtalar. Rekneskapsmessig balanserført låneopptak vert å sjå på som sjølvfinansierande ved at respektive tenester skal dekke leasingleige innanfor driftsmessige budsjettrammer.

12. Rådmannen har fullmakt til å ta opp avdragsfrie lån, samt å refinansiere lånegjeld.

13. Flora bystyre startar opp arbeidet med ny forskrift om oppvekstområde for Flora kommune med sikte på innlemming av Solheim skule og Steinhovden skule i andre opptaksområde frå hausten 2020.

14. Satsar for kommunalt driftstilskot til ikkje-kommunale barnehagar i 2019 vert:

| | |
|---|---|
| Driftstilskot små barn (0-2 år) | 218 681 |
| Driftstilskot store barn (3-5 år) | 105 919 |
| Kapitaltilskot per barn Sørstrand barnehage | 9 500 |
| Kapitaltilskot per barn Furuhaugane barnehage | 9 500 |

15. Rådmannen får fullmakt til å føreta dei naudsynte endringane i verbalvedtaka.

16. Nytt Rådhus
Avsetning av 123,500 millionar kroner til nytt rådhus vert teken ut av investeringsbudsjettet. Rådmannen blir bedt om å legge fram ei sak tidleg i 2019 som avklarar korleis rådhusprosjektet skal takast vidare både med formål om å samle og effektivisere administrasjonen, og å legge til rette for byfornying. Det er eit mål å avklare saka og forplikte kommunen tidleg i 2019. Bystyret skal mellom anna få framlagt alternativet at private aktørar kan stå for utbygginga i Bankhola med kommunen anten som leigetakar eller at kommunen kjøper rådhuset når det er ført opp. Endeleg finansiering vert å kome tilbake til seinast i revidert budsjett i juni 2019.

17. Næringsfond, bruk av havbruksmidlane
Det vert oppretta eit kommunalt "berekraft fond", i 2018 som er eit næringsfond på kr 5,0 mill henta frå havbruksmidlane som skal nyttast til å støtte berekraftig vekst i næringslivet. Næringslivet i Flora kommune har inntatt ei leiande rolle i grøn omstilling og berekraft. Næringsfondet skal bidra til å styrke denne posisjonen slik at Flora kommune vert ein føregangskommune når det gjeld klima og miljø på Vestlandet. I tillegg til avsetninga i 2018 vert det sett av 5 mill kr i 2020 og 7 mill i 2022. Fondet skal forvaltast av Bystyret etter søknad. Aksello samt Måløy Marine Ressurssenter vil vere mellom dei som kan få midlar frå fondet, men første tildeling skal opp som eiga sak i første møte i Bystyret i 2019.
Resterande midlar frå havbruksmidlane 3,183 mill kr vert brukt til å balansere budsjettet i 2019.

18. Investeringar i VAR sektoren
Investeringar ihht. Hovudplan for vassforsyning og avløp vert redusert til totalt 30 millionar kroner årleg. Rådmannen vert bedt om å justere planar tilsvarande reduksjonen, og vurdere kva prosjekt som skal prioriterast. Evt. auka inntekter eller innsparingar skal gå med til å halde dei kommunale avgiftene på eit lågast mogleg nivå.

19. Storboss-ordninga
Denne ordninga vert avvikla frå og med 2019.

20. Barnehage
Bystyret ber rådmannen leggje fram utgreiing om eventuell privat drift av barnehagar som vedteke i sak 72/18 tidleg i 2019. I utgreiinga skal rådmannen vurdere heilkommunal løysing, heilprivat løysing og ein kombinasjonsløysing der ein nyttar både privat og kommunal kapasitet.

21. Rammekutt
Bystyret syner til Ressursbruksanalysen der det kjem fram at Flora kommune bruker betydeleg meir innan mange områder enn samanliknbare kommunar. Kommunen skal levere gode tenester til innbyggjarane, men ein skal ikkje ha eit driftsnivå som er uforsvarlig høgt i høve inntektene. For Bystyret er det uaktuelt å saldere ineffektivitet med høgare skatter og avgifter til innbyggjarane. Rådmannen sitt føreslegne rammekutt på 1% vert difor auka til 2% prosent, samstundes som ein forventar ei effektivisering på 0,5% årleg som effekt av realiseringa av Kinn kommune. Rådmannen vert bedt om å starte arbeidet med effektiviseringa, og leggje fram plan for dette for formannskapet tidleg i 2019. Følgjande tiltak skal vurderast:
- Innsparing som følgje av nye digitale arkiv
- Tiltak for å redusere sjukefråver i einingane
- Reduksjon i administrativ leiing både i sentraladministrasjonen og i einingane
- Energiøkonomiseringstiltak
- tilsettingsstopp i alle administrative stillingar

5

22. Brandsøy skule
    Bystyret oppfinansierer Brandsøy skule for fullfinansiering i 2019, og administrasjonen saman med prosjektkomiteen får fullmakt til å gå i forhandling med beste tilbydar for å komme fram til ei kontrakt. I forhandlingane skal ein vurdere kost nytte av dei ulike opsjonane som tilbydar har tilbode, og vurdere om det er råd å redusere totalkostnaden.

23. Barnetrygd
    Bystyret ber om at Rådmannen utgreier konsekvensane av at barnetrygda ikkje skal telle med som inntekt ved utrekning av sosialstønad

24. Parkering.
    Bystyret ber om at rådmannen utgreier konsekvensane av evt. å avvikle dagens parkeringsordning med:
    - Strandgata har korttidsparkering, eksempelvis maks 2 timar
    - Sentrumsnære gater har lenge parkering, eksempelvis maks 4 timar
    - Resterande parkeringsområder blir langtidsparkering, eksempelvis 1 veke
    - Parkering på eigen grunn blir utan restriksjonar
    - All parkering vert gratis

25. Breiband
    Bystyret ynskjer at utbygginga av breiband i distrikta skal fortsette og ber om at rådmannen kjem tilbake til bystyret tidleg i 2019 med ei rebudsjetteringsak der ein får framlagt kva områder som gjenstår og kva kostnadar utbygging i kvart gjenståande område vil ha.

Sats renter og avdrag 5,5 % 6,0 % 6,0 %

# INVESTERINGSPLAN 2019-2022 - ihht bystyrevedtak sak 092-18

| Nr | Investeringsprosjekt - av frie inntekter (F=finansiering, D=driftskonsekvens) | Adm | Budsjett 2019 | Økonomiplan 2020 | 2021 | 2022 | Referanse til vedtak, planar, avtaler og innmeldt behov frå tenestene |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 50 | **Fullskala fotballhall-Storhallen i Vest** | Kultur | **5 000** | **58 450** | **58 450** | | |
| F | *Momskompensasjon* | | *900* | *10 881* | *10 521* | *0* | Storhallen er kalkulert til 123,9 MNOK (brutto).Fordeler tilskot frå Vågsøy kommune, sogn og fjordane fylkeskommune og gåver frå sponsorar/idretten over åra 2018-2021. Bruttobeløp på prosjektet er meldt inn i regional plan hausten 2017, utbetalingstidspunkt for spelemidlar er ikkje klart. Ein legg til grunn at bygget vert i drift i 2022. Vedl.hald pr m2: Grasmatte 3 mill avskrivast og skiftast etter 10 år, 120X80 m=9600 m2, gir kr 38/m2 + kr 12/m2 uforutsett=kr 50/m2, driftspersonell 1,0 åv a kr 650.000.Storhallen vil gje positive ringverknader for Florasamfunnet på fleire måtar. Det er stor mangel på treningsflater og hallkapasitetar i kommunen. Realisering av Storhallen vil fristille hallkapasitetar i Florø Idrettssenter og vil gje Florafotballen ytterlegare utviklingsmogelegheiter. Fristilt areal i Florø Idrettssenter vil gje plass andre idrettar enn fotball, og gjere lin for idrettsfag ved Flora VGS meir attraktiv med fleire valmogelegheiter. Plassering av storhallen ved Litjevatnet gjev ei sentral plassering saman med Florø Stadion, kunstgrasbane, skatepark, Flora Ungdomsskule og til turvegar langs vatnet og til Storåsen. Hallen skal stette krav til universell utforming og skal vere open for alle. Storhallen vil vere lett tilgjengelig og i gangavstand til Flora VGS og gang og sykkelavstand til Havhesten badeanlegg. Florafotballen har rekruttert mange barn og unge frå innvandrarmiljø og er difor eit viktig integreringstiltak. ***Kommunen si forpliktig forutsetter at tilskot er betalt inn.*** |
| F | *Tilskot* | | *4 100* | *40 900* | *15 195* | | |
| F | *Låneopptak* | | *0* | *6 669* | *32 734* | *0* | |
| D | *Driftskonsekvens renter og avdrag* | | | *0* | *400* | *2 364* | |
| D | *Driftskonsekvens FDV mv* | | | | | *1 300* | |
| 51 | **Interkommunalt samarbeid Vågsøy** | | **0** | **0** | | **8 500** | |
| F | *Momskompensasjon* | | *0* | *0* | *0* | *0* | Vågsøy kommune arbeider med planar om bygging av symjeanlegg i Måløy og turnhall bygd i tilknyting til Nordfjordhallen på Tennebø/Skavøypoll. Dei to anlegga er kostnadsrekna til om lag 171,4 MNOK. Dersom Flora kommune inngår ei avtale med Vågsøy kommune om interkommunalt anlegg så vil Flora kommune sitt bidrag inn i prosjekta vere 8,5 MNOK. Det vert lagt fram sak om dette i bystyre |
| F | *Tilskot* | | | *0* | | | |
| F | *Låneopptak* | | *0* | *0* | *0* | *8 500* | |
| D | *Driftskonsekvens renter og avdrag* | | | *0* | *0* | *0* | |

# Vågsøy kommune

| | |
|---|---|
| Arkiv: | FA-D11 |
| JournalpostID: | 18/15395 |
| Saksbehandlar: | Odd Gunnar Myhre |
| Dato: | 08.10.2018 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 085/18 | Oppvekst- og kulturutval | 24.10.2018 |
| 187/18 | Formannskap | 24.10.2018 |
| 085/18 | Kommunestyre | 01.11.2018 |

## Deltaking i interkommunalt samarbeid - Flora kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Vågsøy kommune inngår avtale med Flora kommune om investering i og drift av fullskala fotballhall i Flora. Det vert sett av 6,2 MNOK til dette i samband med budsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2022.

**Oppvekst- og kulturutval 24.10.2018:**

**Handsaming:**
Rådmann Knut Ove Leite, tenesteleiar kultur Odd Gunnar Myhre og ordførar Kristin Maurstad orienterte.

**Votering**
Rådmannen si innstilling samrøystes vedtatt.

**OK- 085/18 Vedtak:**
Vågsøy kommune inngår avtale med Flora kommune om investering i og drift av fullskala fotballhall i Flora. Det vert sett av 6,2 MNOK til dette i samband med budsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2022.

**Formannskap 24.10.2018:**

**Handsaming:**
Ordførar Kristin Maurstad og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Formannskapet ønsker ei orientering i kommunestyremøtet 01.11.2018.

**Votering**

8

Oppvekst- og kulturutvalet si innstilling samrøystes vedtatt.

**F- 187/18 Vedtak:**
Vågsøy kommune inngår avtale med Flora kommune om investering i og drift av fullskala fotballhall i Flora. Det vert sett av 6,2 MNOK til dette i samband med budsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2022.

**Kommunestyre 01.11.2018:**

**Handsaming:**
Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

**Votering**
Formannskapet si innstilling vedtatt mot 2 stemmer.

**K- 085/18 Vedtak:**
Vågsøy kommune inngår avtale med Flora kommune om investering i og drift av fullskala fotballhall i Flora. Det vert sett av 6,2 MNOK til dette i samband med budsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2022.

**Bakgrunn for saka:**

I intensjonsavtalen om samanslåing av kommunane Flora og Vågsøy står det mellom anna at ein vil: *«Bygge ut Måløy og Florø som attraktive, urbane og kulturelle sentra ved å prioritere realisering av gjeldande plan for symjeanlegg, fleirbrukshall med spesialfunksjonar og kulturfasilitetar i Vågsøy og fullskala fotballhall i Florø».*

Vågsøy kommune har fått søknad frå Flora kommune om deltaking i realiseringa av ein fullskala fotballhall i Florø.

**Saksopplysningar:**
I føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er det opna opp for at kommunar kan samarbeide om større kostnadskrevjande anlegg.

Særskilde tilskot for interkommunale idrettsanlegg kan etter føresegnene tildelast eitt anlegg per anleggstype i samarbeidande kommunar. Interkommunale idrettsanlegg kan få eit tillegg på 30% av ordinært tilskot om følgjande vilkår er oppfylte:

1. Anlegget er eit større, kostnadskrevjande anlegg, t.d. ein symjehall eller idrettshall
2. Det er inngått bindande skriftleg avtale mellom to eller fleire kommunar om investering og drift. Avtalen må innehalde desse elementa:

   - *Kvar deltakande kommune skyt inn eit investeringstilskot på minimum 5 % av den godkjende kostnaden for anlegget. Tilskotet må dokumenterast.*
   - *Kvar deltakande kommune skyt inn minimum 5% anlegget sine faktiske driftskostnader i årlege driftstilskot i 20 år. Ein kan ikkje avgrense driftstilskotet til eit nominelt beløp gjennom 20-årsperioden.*

Det er kulturdepartementet som godkjenner om anlegg oppfyller vilkåra om å få status som interkommunalt anlegg. Kommunen må sende inn søknad innan 15 november. Eit av dei obligatoriske vedlegga som skal følgje søknaden er ei forpliktande avtale mellom kommunane om investering og drift av anlegget. 2018 er det siste året kommunar som skal slå seg saman kan søkje saman på anlegg for å få denne statusen.

Flora kommuna har ei stund arbeidd med å få på plass ein fullskala fotballhall, den er kostnadsrekna til om lag 124 MNOK. Dersom Vågsøy kommune inngår ei avtale med flora kommune om interkommunalt anlegg så vil Vågsøy kommune sitt bidrag inn i prosjektet vere 6,2MNOK.
Her er oppdatert finansieringsplan for fotballhallen.

**Status finansiering, MNOK, pr okt 2018**

| | Inkl mva | Merknad |
|---|---|---|
| Mva refusjon | 22,3 | Refusjon mva |
| Spelemidlar | 13,0 | Spelemidlar |
| SPV og Sparebanken Sogn og fjordane | 8,0 | Gåver |
| Sogn og fj.fylkeskommune | 10,0 | Tilskot |
| Flora Kommune, andel 26% | 32,4 | Låneopptak |
| Vågsøy Kommune andel 5% | 6,2 | Tilskot/lån |
| Reinvestering lån Florø Idrettssenter AS | 7,0 | Omdisponering |
| Udekka finansieringsbehov p.t | 25,0 | Gåver/Tilskot |
| **Sum finansiering** | **123,9** | |

Det står att å finansiere 25 MNOK, dette er noko som Flora kommune jobber med å få på plass.

Vågsøy kommune har sendt tilsvarande søknad til Flora kommune om å bidra inn i to prosjekt, symjehall og turnhall. Symjehallen er kostnadsrekna til om lag 149 MNOK. Flora sitt bidrag vert då 7,5 MNOK. Turnhallen er kostnadsrekna til om lag 22 MNOK. Flora sitt bidrag vert om lag 1,0 MNOK.

I tillegg forpliktar kommunane seg til å bidra med 5 % av dei faktiske driftskostnadane i 20 år.

Dersom ein får på plass ei fullfinansiering av desse anlegga og dei får status som interkommunale anlegg vil ein kunne få om lag 7 MNOK meir i spelemidlar til symjehallen, 3 MNOK til fotballhallen og 2 MNOK til turnhallen.

**Vurderingar:**
I denne omgang er det viktig å få ei tilbakemelding frå kulturdepartementet om anlegga får status som interkommunale anlegg. Då vil ein kunne berekne rett tilskot av spelemidlar i det vidare arbeidet.

Det vil vere økonomisk gunstig å inngå slike avtaler før kommunesamanslåing. For Kinn kommune vil ein kunne hente ut om lag 12 MNOK. i ekstra tippemidlar.

Rådmannen tilrår at Vågsøy kommune inngår avtale med Flora kommune om investering i og drift av fullskala fotballhall i Flora. Det vert sett av 6,2 MNOK til dette i samband med budsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2022.

**Vedlegg i saka:**
Søknad om særskilt tilskot ved større interkommunale idrettsanlegg

**INTERKOMMUNAL AVTALE OM**

**INVESTERING I OG DRIFT AV**

**STØRRE IDRETTSANLEGG**

FULLSKALA FOTBALLHALL I FLORØ

Ifølge pkt. 2.6.3 i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2018» kan det søkast om ekstra tilskot på inntil 30 % av ordinær tilskotssats til større interkommunale idrettsanlegg, forutsatt at det er inngått bindande skriftlig avtale mellom to eller fleire kommunar om investering og drift.

I denne avtala gjeld dette Flora kommune og Vågsøy kommune om bidragsplikt på anleggsinvesteringar for fullskala fotballhall i Florø.

Kvar kommune pliktar å bidra med anleggsinvestering (minimum 5 % av godkjent kostnad) som for den enkelte kommune utgjer:

- Flora kommune- kr 32,4 MNOK
- Vågsøy kommune- kr 6,2 MNOK

Bidraga skal dokumenterast før tildeling og utbetaling av tilskot.

Flora kommune og Vågsøy kommune pliktar årleg å yte driftstilskot i minimum 20 år til drift av anlegget, med skriftleg driftsavtale på minimum 20 år.

Tilskota frå kvar kommune skal vere i samsvar med den enkelte kommune sitt bidrag til anleggsinvesteringar.

Dato 06.11.2018

| Flora kommune | Vågsøy kommune |
|---|---|
| Ola Teigen | Kristin Maurstad |
| Ordførar | Ordførar |

## Bortne Rune

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Odd Gunnar Myhre <Odd.Gunnar.Myhre@vagsoy.kommune.no> |
| **Sendt:** | 13. januar 2019 13:08 |
| **Til:** | Bortne Rune; Kløvfjell Margit Drivenes |
| **Kopi:** | Henrik Skovly; Knut Ove Leite |
| **Emne:** | Vedtak kommuenstyret - budsjett og økonomiplan |
| **Vedlegg:** | Vedtak Vågsøy kommunestyre, budsjett og økonomiplan 2019-2022.pdf |

Hei

Hei

Her kjem møteboka frå kommunetyret.

Fotballhall vart teke inn i formannskapet 29.11.2018, sjå side 11, punkt 7.

Formannskapet si innstilling vart vedteken i kommunestyret 13.12.2018 med nokre endringar, sjå punkt 7 side 15.
Fotballhallen er ikkje omtala der så då er det slik som vedtaket i formannskapet er.

Med helsing

Odd Gunnar Myhre
tenesteleiar kultur

VÅGSØY

Tef: 57 84 50 91, Mob. Tlf. +47 90 19 57 01
E-post: odd.gunnar.myhre@vagsoy.kommune.no
Besøksadresse: Gate 1, 120, 6700 Måløy
Postadresse: Vågsøy kommune, postboks 294, 6701 Måløy
Fakturaadresse: Vågsøy kommune, postboks 314, 6702 Måløy
**Les vår brosjyre**

Vågsøy kommune

| | |
|---|---|
| Arkiv: | FE-124, FE-10 |
| JournalpostID: | 18/15128 |
| Saksbehandlar: | Henrik Skovly |
| Dato: | 03.10.2018 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 030/18 | Eldrerådet | 26.11.2018 |
| 020/18 | Råd for funksjonshemmede | 26.11.2018 |
| 234/18 | Formannskap | 29.11.2018 |
| 115/18 | Kommunestyre | 13.12.2018 |
| 051/18 | Helse- og omsorgsutvalg | 27.11.2018 |
| 102/18 | Oppvekst- og kulturutval | 27.11.2018 |
| 005/18 | Arbeidsmiljøutvalg | 28.11.2018 |

## Økonomiplan 2019-2022 og Budsjett for 2019 - Vågsøy kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Skatt på inntekt og formue for 2019 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.
2. Vågsøy kommune si netto driftsramme i 2019 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.
3. Vågsøy kommune si netto driftsramme 2020-2022 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.
4. Budsjettrammer for rammeområda i 2019 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som det går fram av budsjettdokumentet.
5. Netto budsjettrammer for rammeområda i 2020-2022 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B.
6. Investeringar i 2019 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedteken som vist i budsjettskjema 2A.
7. Investeringar i 2020-2022 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A.
8. Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2018) vert overført til 2019.
9. Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån for tiltak som er innarbeidd i 2019, som vist i budsjettskjema 2A. Fullmakten inkluderer utsatte låneopptak for 2018(kr. 46.701.000) 13

Protokolltilførsel frå Helse-og omsorgsutvalet:
Planlagt utviding av Kulatoppen blir starta i 2019 med ferdigstilling i 2021. Finansiering blir innarbeidd i budsjett for 2019 og økonomiplan 2019-2022 av kommunestyret.

**Arbeidsmiljøutvalg 28.11.2018:**

**Handsaming:**
Rådmannen orienterte.

**Vedtak:**
AMU tok rådmannen sin orientering til etterretning.

**Formannskap 29.11.2018:**

**Handsaming:**
Endringsframlegg, foreslått av Frode Falkevik Kupen, Arbeidarpartiet

Rådmannens budsjettforslag vedtas med desse endringane:

**Punkt 2 i innstillinga:**
Vågsøy kommune si netto driftsramme i 2019 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A med desse endringane:

- Inntekter frå eigedomsskatt vert auka med kr 1 762 500,- i 2019.
- Renteutgiftene vert auka med kr. 100.000,-

**Punkt 3 i innstillinga:**
Vågsøy kommune si netto driftsramme i 2020-2022 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A med desse endringane:

- Inntekter frå eigedomsskatt vert auka med kr 3 525 000,- i 2020-2022.

**Punkt 5 i innstillinga:**
Netto budsjettrammer for rammeområda i 2020-2022 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B med desse endringane:

- Det vert lagt inn kr 200.000 til Visit Nordfjord med kr 200.000 pr år.
- Løyvinga til pleie, rehabilitering og omsorg vert auka med kr 3.750.000 i 2021 (drift av ny etasje på Kulatoppen)
- Løyvinga til pleie, rehabilitering og omsorg vert auka med kr 7.500.000 i 2022 (drift av ny etasje på Kulatoppen)

**Punkt 13 i instillinga:**
Skattesatsen i 2019 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 4,5 ‰.

**Budsjettskjema 2B:**
Vedtakast som i innstillinga, men med desse endringane:
Prosjekt xxx «Basishall» vert lagt inn med kr 6 000 000,- i 2019.
Prosjekt xxx «Fotballhall» vert lagt inn med kr 6 200 000,- i 2019.
Prosjekt 3039 «Kulatoppen Fløy E» vert lagt inn med kr 21 675 000,- i 2019 og kr 99 387 500,- i 2020.

(Oppsett vist i tabell)
Med Kulatoppen opning 1. juli 2021)

| Investeringer | 2 019 | 2 020 | 2 021 | 2 022 |
|---|---|---|---|---|
| Basishall | 6 000 000 | | | |
| Fotballhall | 6 200 000 | | | |
| Kulatoppen(*) | 21 675 000 | 99 387 500 | | |
| Sum | 33 875 000 | 99 387 500 | 0 | 0 |

| Drift | 2 019 | 2 020 | 2 021 | 2 022 |
|---|---|---|---|---|
| Finansutgifter Kulatoppen | | 1 200 000 | 3 000 000 | |
| Andre finanasutgifter | 100 000 | 300 000 | 300 000 | 300 000 |
| Kulatoppen | | | 3 750 000 | 7 500 000 |
| MMR | 1 000 000 | | | |
| Visit Nordjord | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| Økt eiedomsskatt | -1 762 500 | -3 525 000 | -3 525 000 | -3 525 000 |
| Sum | -462 500 | -1 825 000 | 3 725 000 | 4 475 000 |

Mindreforbruk i 2019 og 2020 vert sett av til fond. Overforbruk i 2021 og 2022 vert dekka av fond og forventa gevinst/oppgjer i grensejusteringssaka.

**Notat til økonomiplan 2020-2022.**

Det foreligg framleis stor usikkerhet til kor stor ulempe grensejusteringssaka av Bryggja til Stad kommune vil medføre for «rest-Vågsøy». Rest-Vågsøy vil utvilsomt få økonomiske utfordringar på minst to område. Dette må takast omsyn til ved behandling av økonomiplana:

1. Bryggja omsorgssenter. Vågsøy Kommune har satsa på å bygge opp eit godt tilbod på denne institusjonen, og har bygd opp kapasitet der som er langt større enn det folketalet på Bryggja skulle tilseie. Når denne institusjonen vert overført til Stad kommune, vil rest-Vågsøy få lågare dekning på bemanna omsorgsplassar enn det Vågsøy har i dag. Ei direkte følgje av dette er at rest-Vågsøy må bygge ut Kulatoppen mer større kapasitet, for å oppretthalde dagens dekningsgrad.

   Eit viktig punkt i arbeidet med grensejusteringssaka blir å avklare i kor stor grad innbyggjarane i rest-Vågsøy har blitt skadelidande av grensejusteringssaka, og kor mykje av kostnadane ved utbygginga av Kulatoppen ein då bør få dekka av skjønnsmidlar.

2. Vågsøy Ungdomsskule. Forholdet her er at ein har bygd ut kapasitet for elevane frå Bryggja, og rest-Vågsøy set igjen med å betale for denne kapasiteten vidare framover, utan å ha overføringane som krevst for å betene investeringa.

Ein må avklare om noko av investeringane i nybygget skal tilgodesjåast med skjønnsmidlar for å unngå at rest-Vågsøy blir skadelidande for konsekvensen av grensejusteringa.

Orientering v/økonomisjef Henrik Skovly.

Protokolltilførsel frå Høgre v/repr. Anett Berg:

"Høgre vil jobbe for å kunne legge frem et nytt forslag i kommunestyret. Innholdet i forslaget Høgre stemte for i formannskapet er ikke i tråd med Høgre sine mål for kommunen."

**Votering:**
Det vart votert alternativt over Rådmannen sitt framlegg i 19 punkt og Arbeiderpartiet sitt framlegg i 19 punkt. Arbeiderpartiet sitt framlegg vedtatt mot 4 røyster.

Det vart deretter votert over Notat til økonomiplan 2020-2022 fremma av Arbeiderpartiet. Notat i Arbeiderpartiet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**F- 234/18 Vedtak:**

1. Vågsøy kommunestyre vedtek framlegg til årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 slik det ligg føre.

2. Skatt på inntekt og formue for 2019 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.

3. Vågsøy kommune si netto driftsramme i 2019 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A, med desse endringane:

    - Inntektene frå Eigedomsskatt vert auka med kr 1.762.500
    - Renteutgiftene vert auka med kr 100.000
    - Det vert sett av kr. 462.500 til disposisjonsfond

4. Vågsøy kommune si netto driftsramme 2020-2022 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A, med desse endringane:

    - Inntektene frå eigedomsskatt vert auka med kr 3.525.000 i 2020, 2021 og 2022
    - Finansutgiftene (renter og avdrag) vert auka med kr 1.500.000 i 2020, kr 3.300.000 i 2021 og kr 300.000 i 2022
    - Det vert sett av kr. 1.825.000 til disposisjonsfond i 2020
    - Det vert brukt kr, 2.287.500 av disposisjonsfondet i 2021

5. Budsjettrammer for rammeområda i 2019 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med desse endringane:

    - Det vert løyvd kr. 1000.000 til Måløy Marine Ressurssenter
    - Det vert løyvd kr. 200.000 til Visit Nordfjord

6. Netto budsjettrammer for rammeområda i 2020-2022 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med desse endringane:

16

- Det vert løyvd kr. 200.000 til Visit Nordfjord i 2020, 2021 og 2022
- Det vert løyvd kr. 3.750.000 til Pleie, rehabilitering og omsorg i 2021 (drift av ny etasje på Kulatoppen)
- Det vert løyvd kr. 7.500.000 til Pleie, rehabilitering og omsorg i 2022 (drift av ny etasje på Kulatoppen)
- Det er innarbeid ei innsparing på kr 1.437.500 vedkomande grensejustering Bryggja i 2021
- Det er innarbeid ei innsparing på kr 4.475.000 vedkomande grensejustering Bryggja i 2022

7. Investeringar i 2019 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedteken som vist i budsjettskjema 2A, med desse endringane:

    - Basishall, kr. 6.000.000
    - Fotballhall, kr 6.200.000
    - Ny etasje på Kulatoppen Omsorgssenter, kr 21.675,000

8. Investeringar i 2020-2022 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A, med denne endringa i 2020:

    - Ny etasje på Kulatoppen Omsorgssenter, kr 99.387.500

9. Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2018) vert overført til 2019.

10. Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån for tiltak som er innarbeidd i 2019, som vist i budsjettskjema 2A. Fullmakta inkluderer utsette låneopptak for 2018 (kr. 46.701.000).

11. Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån i Husbanken til vidare utlån (Startlån) med inntil 1 mill kr.

12. Rådmannen har fullmakt til å godkjenne lånevillkår. Dette gjeld både opphavleg lånevilkår, samt eventuell refinansiering på eit seinare tidspunkt.

13. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2019, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).

14. Skattesatsen for all skattepliktig eigedom i 2019 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 4,5 ‰. Skattesatsen vert auka til 5 ‰ frå og ned 2020.

15. Taksten på alle eigedomar vert i 2019 auka med 10% i medhald av eigedomsskattelova § 8 A- 4 Kontorjustering.

FLORA
KOMMUNE

# Møteprotokoll for Bystyret

**Møtedato:** 02.10.2018
**Møtestad:** Flora samfunnshus
**Møtetid:** 17:00 - 21:20

| Desse møtte | Parti |
|---|---|
| Anders Ola Sunnarvik | Arbeidarpartiet |
| Bente Frøyen Steindal | Arbeidarpartiet |
| Jarle Henning Storevik | Arbeidarpartiet |
| Karianne Torvanger | Arbeidarpartiet |
| Oscar Bergheim | Arbeidarpartiet |
| Solveig Willis | Arbeidarpartiet |
| Bente Nygård | Arbeidarpartiet |
| Lars Terje Standal | Arbeidarpartiet |
| Ola Teigen | Arbeidarpartiet |
| Silje Ødegård Standal | Arbeidarpartiet |
| Frank Willy Djuvik (kom kl.17.53 – perm.frå kl.21.05) | Framstegspartiet |
| Arlene Oddbjørg Vågene | Høgre |
| Bengt Solheim-Olsen (perm.kl.19.40) | Høgre |
| Bjørn Hollevik | Høgre |
| Trine Hovland | Høgre |
| Vidar Grønnevik | Høgre |
| Frank Robert Klakegg | Høgre |
| Gustav Johan Nydal | Kristeleg Folkeparti |
| Martin Igland Malkenes | Miljøpartiet Dei Grøne |
| Åse Iren Korneliussen (perm. kl.19.30) | Samlingslista |
| Anne Lise Midtbø | Samlingslista |
| Hilmar Eliasson | Samlingslista |
| Jacob Nødseth (perm.kl.19.15) | Samlingslista |
| Lasse Seim | Samlingslista |
| Vivian Norstrand | Samlingslista |
| Jan Arve Midtbø | Senterpartiet |
| Målfrid Steindal | Senterpartiet |
| Bente Nilsen | Sosialistisk Venstreparti |
| Torgunn Elisabeth Eikevik | Senterpartiet |
| Jan Henrik Nygård | Venstre |

| Forfall meldt frå følgjande medlemar | Parti |
|---|---|
| Hanne Eva H. Kristensen | Høgre |

| Følgjande varamedlemar møtte | Parti |
|---|---|
| Bjarne Holme (til kl.17.53 og frå kl. 21.05) | Framstegspartiet |
| Magnar Sunnarvik | Høgre |
| Harry Petter Felle (møtte i sak 053/18 for Eliasson (ugild) og frå kl.19.15 (Nødseth perm.) | Samlingslista |

18

## Sakliste

| Saknr. | Tittel |
|---|---|
| 050/18 | Godkjenning av møtebok |
| 051/18 | Refererte skriv og meldingar |
| | Rapport til formannskap og bystyre |
| | Varsel om føring i matrikkelen i samband med valet 2019 |
| 052/18 | Avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Flora kommune om leige av Florø Idrettssenter |
| 053/18 | Fusjon mellom Origod AS og Mentro AS |
| 054/18 | Godkjenning av delegasjonsreglement for byggekometeen |
| 055/18 | Kommunedelplan Florø sentrum planID 20170002 - endeleg vedtak |
| 056/18 | Vedtak - oppheving av gamle reguleringsplanar i Florø sentrum |
| 057/18 | Orientering framdrift planlegging av Sjukehusbygget austre fløy til heildøgnsbemanna omsorgsbustadar |
| 058/18 | Økonomirapport 2. tertial 2018 - Flora kommune |

**: Varsel om føring i matrikkelen i samband med valet 2019**

**Framlegg til vedtak:**

**Handsaming:**
Referert

**Vedtak:**
Referert

---

**052/18: Avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Flora kommune om leige av Florø Idrettssenter**

**Framlegg til vedtak:**
1. KF Innvandrarsenteret i Flora, Flora kommune, vidarefører gjeldande leigeavtale
2. Flora kommune leiger, med rett til framleige, tilgjengeleg idrettsareal kveld og helg etter nærare avtale.
3. Tilbakebetaling av lån kr. 7 mill. frå Florø Idrettssenter vert reinvestert i Storhallen og blir rekna å anse som ei nedbetaling av idrettens finansieringsdel i Storhallen.
4. Rådmannen får fullmakt til å sluttforhandle ny leigeavtale med fylkeskommunen

**Handsaming:**
Repr. Frank Willy Djuvik, Frp ber bystyret vurdere fylkestingsrepresentantane Djuvik, Hollevik og Torvanger sin habilitet, då dei i neste omgang skal handame dette på fylkesnivå.
Bystyret vedtok samrøysts at alle tre var ugilde i denne saka.

**Vedtak:**
1. KF Innvandrarsenteret i Flora, Flora kommune, vidarefører gjeldande leigeavtale
2. Flora kommune leiger, med rett til framleige, tilgjengeleg idrettsareal kveld og helg etter nærare avtale.
3. Tilbakebetaling av lån kr. 7 mill. frå Florø Idrettssenter vert reinvestert i Storhallen og blir rekna å anse som ei nedbetaling av idrettens finansieringsdel i Storhallen.
4. Rådmannen får fullmakt til å sluttforhandle ny leigeavtale med fylkeskommunen

---

**053/18: Fusjon mellom Origod AS og Mentro AS**

**Framlegg til vedtak:**
1. Flora kommune godkjenner fusjonen mellom arbeids- og inkluderingsverksemdene Origod AS og Mentro AS.

2. Flora kommune godkjenner aksjonæravtalen med følgjande tillegg i pkt 2:

**Bortne Rune**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Tore Havn <tore.havn@bookkeeper.no> |
| **Sendt:** | 9. januar 2019 13:44 |
| **Til:** | Broberg Knut |
| **Kopi:** | Teigen Ola; Bortne Rune |
| **Emne:** | Bekreftelse fra Florø Idrettssenter AS til Flora kommune i forbindelse med finansiering av ny storhall. |

Hei,

Styret i Florø Idrettssenter AS har gjort følgende vedtak:

> **Florø Idrettssenter AS ønsker å bidra til Idrettsløftet i Flora ved å yte tilskudd til Flora kommune til bygging av ny storhall med inntil kr 13 mill.**

Vedtaket er bekrefta slik i ekstraordinær generalforsamling den 4.1.2019:

> **4. Tilskudd kr 13 millioner til Flora kommune til bygging av ny storhall.**
> **Styrets forslag:**
> **Florø Idrettssenter AS ønsker å bidra til idrettsløftet i Flora ved å yte tilskudd til Flora kommune til bygging av ny storhall med inntil kr 13 mill.**
>
> **Forslaget ble vedtatt med 500 mot 450 stemmer.**

Protokoll fra ekstraordinær generalforsamling ligger vedlagt.

Florø Idrettssenter AS har ikke fri egenkapital på dette beslutningspunktet til å dele ut kr 13 millioner i tilskudd. Når salget av idrettssenteret til Sogn og Fjordane fylkeskommune er gjennomført den 1.3.2019 og årsregnskapet for 2019 er revidert vil selskapet ha tilstrekkelig egenkapital til å dele ut slikt tilskudd.

**Det er flertall i styret og generalforsamling for å bidra til idrettsløftet i Flora ved å yte tilskudd til Flora kommune til bygging av ny storhall med kr 13 millioner.**

Med vennlig hilsen
Florø Idrettssenter AS
Tore Havn
Styreleder
Mobil: 4040 2000
Epost: tha@bookkeeper.no

# GENERALFORSAMLINGSPROTOKOLL

## for ekstraordinær generalforsamling i

## Florø Idrettssenter AS (Org.nr 984 060 963)

Ekstraordinær generalforsamling i Florø Idrettssenter AS ble avholdt 4.1.2019 Florø.

Følgende aksjonærer var til stede:

| Navn: | Antall aksjer/stemmer: | Møtt ved fullmektig – navn: |
|---|---|---|
| Florø Sportsklubb | 450 | Terje Andersen |
| Florø Turn og Idrettsforening | 450 | Rune Holme |
| Tempo Fotballklubb | 50 | Benjamin Eggen |

Således var 100 % av aksjekapitalen representert.

I tillegg møtte styreleder Tore Havn og Tone Strømmen Kjerpeset som rådgiver for Rune Holme.

**1. Åpning av generalforsamlingen**
Styrets formann Tore Havn åpnet generalforsamlingen.

**2. Godkjennelse av innkalling og dagsorden.**
Florø Turn og Idrettsforening har innsigelser til innkalling og dagsorden da de mener at sak 4 krever vedtektsendring og at styrevedtaket må være vedlagt innkallingen.
Flertallet godkjenner innkallingen og dagsorden.

**3. Valg av møteleder og én person til å undertegne protokollen.**
Tore Havn ble valgt til møteleder.
Rune Holme ble valgt til å undertegne protokollen sammen med møteleder.

**4. Tilskudd kr 13 millioner til Flora kommune til bygging av ny storhall.**
Styrets forslag:
Florø Idrettssenter AS ønsker å bidra til idrettsløftet i Flora ved å yte tilskudd til Flora kommune til bygging av ny storhall med inntil kr 13 mill.

